

Plan og byggesak
 Are F. Grande
 Postboks 4
 5906 FREKHAUG

Referanser:
 Dykker:
 Vår: 21/10465 - 21/84851

Saksbehandlar:
 Irene Wilhelmsen
 irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
 15.12.2021

Uttale VEG - GBNR 322/247 - Sveåsen Mjåtvæit

Avdeling for vegforvarvaltning har gått gjennom teikningar for veg som er sendt inn i samband med søknad om rammeløyve bustadbygging i Sveåsen under reguleringsplan for Mjåtvæitmarka. Avdelinga har og vore på synfaring i samband med vegane i Mjåtvæitmarka som er regulert til offentlig veg.

f_Veg 1.1 som er tilkomstveg til Sveåsen frå Mjåtvæitmarka har avkørsle til offentleg veg. Slik vegen ligg i dag er den ikkje i samsvar med krava i handbøkene for avkørsle til offentleg veg.
 Finn ikkje profilteikning for f_Veg 1.1. f_Veg 1.1 må tilfredsstille krava for avkørsle til offentleg veg før vidare utbygging med tilkomst frå denne vegen kan godkjennast.

Avkørsla skal byggast slik at overvatn ikkje renn inn på den offentlege vegen. Om avkørsla avskjer ei open grøft, skal det leggast drensrør med ein diameter på minimum 300mm under avkørsla, slik at grøfta opprettheld sin funksjon. Grøftevatn skal ha fritt løp inn og ut av røyret.
 Avkørsla skal tilpassast hovudvegen sin lengde- og tverrprofil.


Det må sendast inn eigne profilteikningar for f_Veg 1.1 og eigne teikningar for avkørsla som viser at dei tekniske krava til veg og avkørsle kan oppnås før det vert gitt rammeløyve.

Tekniske krav til avkørsler

På dei fyrste 2m fra skulderkant skal avkørsla ha et jevnt fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 m bør avkjørselen ha maksimal stigning på 1:20 (5%) / fall på 1:30 (3,3%). Etter det skal vegen ikkje ha større fall/stigning enn 1:8 (12,5%).

Frisiktsona mot samleveg med fortau skal dimensjonerast og visast i forhold til fartsgrensa på hovudvegen.

Samleveg med gang-/sykkelveg/fortau



Frisiktsoner - Alver	
Fart	LS
30 km/t	20 m
40 km/t	30 m
50 km/t	45 m
60 km/t	70 m

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50
 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
 Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det må sikrast at snuhammar i enden av feltet er dimensjonert for kjøyretøygruppe L, slik at bl.a. renovasjonsbil kan snu.

Ut frå profilteikningane har f_Veg 1.2 3% fall inn på gangvegen. Områdeplan Mjåtvæit/Dalstø viser at denne gangvegen er foreslått skal bli offentleg. Same krav om fall frå offentleg veg og drenering gjeld for gangvegar.

Overvatn:

Plan for vatn og overvatn har eit fordrøyningsbasseng i gangveg mellom f_Veg1.1 og f_Veg1.2. Det går ein leidning i f_Veg1.1 med stakekum i krysset og her skal vatn filtrerast gjennom o_Veg1 og terrenget før det havnar i Mjåtvæt vassdraget. Vegavdelinga er ikkje glad for filtrering av vatn gjennom ein offentleg veg. o_Veg1 er ein veg med allereie ganske høg ÅDT og det er i framtida tenkt enno meir trafikk inn på denne vegen. Kva konsekvensar det kan få at alt vatn som i dag går gjennom terrenget med vegetasjon i Sveåsen og som skal filtrerast i grunn, sige ned i fordrøyningsbassengen for så å filtrerast i den offentlege vegen bør utgiast med tanke på all trafikk som er planlagt i starten av o_Veg 1. Det er usikkert korleis o_Veg1 er bygga opp og utan dokumentasjon på om vegkroppen til den offentlege vegen vil kunne handtere filtrering i grunnen er det vanskelig å godta ei slik løysing.

Kor overflatevatn frå f_Veg1.1 blir av kjem heller ikkje klart fram. Dette er ein bratt veg rett ut i o_Veg1 over fortau og her vil det bli problem når det frys på om ikkje dette blir handtert riktig. Det er difor svært viktig at avkjørsla mellom o_Veg 1 og f_Veg1.1 kan dimensjonerast og utformast geografisk riktig i samsvar med vegnormalane før den kan handtere trafikkauke med utbygging av Sveåsen.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Larissa Dahl

Mottakarar:
Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG